



## Notat

Dato: 05.01.2015  
Arkivsak: 2014/23797-3  
Saksbehandlar: nilgrud

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Vurdering av fotgjengarfelt ved Opedal skule i Ullensvang herad - Svar på oversendingsforslag**

På møte i samferdselsutvalet 12.11.14 viste representanten Jostein Ljones (Sp) til at det er mykje gongaktivitet av skuleborn ved Opedal skule. Mange må kryssa Rv 13 utan at det er tilrettelagt med fotgjengarovergang. Han ba om at dette vart vurdert.

Samferdselsavdelinga sendte spørsmålet frå Ljones over til vidare handsaming i Statens vegvesen i brev av 25.11.14. Det ligg no føre svar frå Statens vegvesen i brev av 11.12.14 ( sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til at Statens vegvesen konkluderar med at det i budsjettet for 2015 er sett av midlar til gang- og sykkeltiltak på Rv 13 som kan nyttast til gangfelt ved Opedal skule.